

# PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I HELSE BERGEN HF

**STAD:** Finstuen, Bikuben konferansesenter  
**MØTETIDSPUNKT:** 22.03.2018, kl. 10.00 – 15.00

**Styremøte var ope for publikum og presse**

---

## DELTAKARAR FRÅ STYRET

Svein Gjedrem	Leiar (deltok frå sak 31/18)
Signy Midtbø Riisnes	Nestleiar
Mona Hellenes	Styremedlem
Anne-Margrete Bollmann	Styremedlem
Karen Anne Stordalen	Styremedlem
Irene Hopsdal	Styremedlem
Geir Arne Sunde	Styremedlem
Per Karlsen	Styremedlem
Arvid Langeland	Styremedlem
Rolf Martin Tande	Styremedlem

## DELTAKAR FRÅ BRUKARUTVALET

Inge Aareskjold Fiskvik	Leiar brukarutvalet
Hjørdis Dahle	Nestleiar Brukarutvalet

## FORFALL

Bjørn Østbø	Styremedlem
-------------	-------------

## DELTAKARAR FRÅ ADMINISTRASJONEN

Eivind Hansen	Administrerande direktør
Anne Sissel Faugstad	Viseadministrerande direktør
Lasse Hatletvedt	Referent

**SAKLISTE****UNDERLAG**

Sak	27/18 A	Godkjenning av innkalling og dagsorden	Vedlagt
Sak	28/18 A	Godkjenning av protokoll	Vedlagt
Sak	29/18 O	Administrerende direktør si orientering	Vedlagt
Sak	30/18 O	Rapport frå verksemda	Vedlagt
Sak	31/18 A	Årsmelding og årsrekneskap for 2017	Vedlagt
Sak	32/18 A	Årsoppgjersrevisjon for 2017	Vedlagt
Sak	33/18 A	Investeringsbudsjett 2018	Vedlagt
Sak	34/18 O	Styringsdokument 2018	Vedlagt
Sak	35/18 O	Årsmelding 2017 internkontroll for tryggare helsetenester	Vedlagt
Sak	36/18 O	Internkontroll Helse Bergen – Plan for interne systemrevisjonar 2018-2021	Vedlagt
Sak	37/18 O	Helse Vest internrevisjon: Risiko knytt til matforsyning	Vedlagt
Sak	38/18 A	Møteplan for nye styremedlemer 2018	Vedlagt
Sak	39/18 O	Eventuelt	
		Skriv og meldingar	Vedlagt
		- Årshjul for styret i Helse Bergen 2018	
		- Protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF 08.02.2018	
		- Protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF 21.02.2018	
		- Oppdaterte vedtekter for Helse Bergen HF per 21.02.2018	
		- Protokoll frå føretaksmøtet i Helse Bergen 21.02.2018	
		- Protokoll frå føretaksmøtet i Helse Bergen 08.03.2018	
		- Revisjonsrapport Antibiotikastyring i Helse Bergen	
		- Referat frå brukarutvalet 23.01.2018	

Styret sitt kvarter

Ved starten av møtet var det eit innlegg om forskning med tittelen «Psykisk helse på nett – fra forskning til klinikk» v/Tine Nordgreen og Kristin Hogstad Bruvik.

## **Sak 27/18 A Godkjenning av innkalling og dagsorden**

### **Vedtak [samrøystes]**

Innkalling og dagsorden blei godkjende.

## **Sak 28/18 A Godkjenning av protokoll**

### **Vedtak [samrøystes]**

Protokoll frå styremøte 22. februar 2018 blei godkjend.

## **Sak 29/18 O Administrerande direktør (AD) si orientering**

### **1. Rapportering tilsynssaker**

Ingen kommentarar.

### **2. Orientering om relevante lover, forskrifter og styremaktkrav**

Ingen kommentarar.

### **3. Oversikt over aktuelle høyringar**

Ingen kommentarar.

### **4. Saker til oppfølging etter styremøtet**

Ingen kommentarar.

### **5. Mediesaker**

Ingen kommentarar.

## **6. Status arbeid med tenesteavtaler**

Ingen kommentarar.

## **7. Oppsummering etter toppleiar møte med Bergen kommune 9. mars**

Ingen kommentarar.

## **8. Sak med Bergen kommune om eigedommar**

Ingen kommentarar.

## **9. Forbetringsundersøkinga 2018**

Ingen kommentarar

## **10. Leiarstillingar**

Administrerande direktør opplyste om at Anne Sissel Faugstad sluttar som viseadministrerande direktør frå 31. august 2018.

### **Vedtak [samrøystes]**

Styret i Helse Bergen tar meldingane til orientering.

## **Sak 30/18 0 Rapport frå verksemda**

### **Oppsummering**

Føretaket innfrir framleis det regionale målet om aktivitetsvekst, men ligg no 748 DRG-poeng bak plantal i somatikken. Hittil i år har vi likevel behandla omlag 1 600 fleire unike somatiske pasientar enn i fjor på same tid. Det skriv seg mellom anna frå at vi har hatt fleire ØH-innleggingar i år enn på same tid i fjor, og særleg gjaldt det i januar i år. For å hente inn det negative aktivitetsavviket, er vi avhengige av å auke den elektive aktiviteten framover.

Det ser framleis ut til at den nye mottaksmodellen verkar som tilsikta når det gjeld handteringa av ØH-pasientane i føretaket. Det minkar presset på spesialeiningane i

sjukehuset både når det gjeld talet på ØH-pasientar, men også i forhold til liggjedøgn for desse pasientane.

Innan psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB) er aktiviteten om lag som planlagt.

Alle sektorane med unntak av psykisk helsevern for vaksne (PHV), innfrir dei regionale krava til ventetider, men PHV er berre to dagar unna å nå kravet. Det var også nedgang i talet på fristbrot frå januar til februar.

Resultatet for februar er kr 1,7 mill., dette er eit negativt avvik på kr 10,8 mill. samanlikna med budsjettet.

### **Kommentarar i møtet**

Styret er uroa for utviklinga når det gjeld økonomi og aktivitet på sjukehuset. Det er mellom anna eit spørsmål kvifor den elektive aktiviteten ikkje er på det nivået som plantala viser. Ventetida for nokre pasientgrupper er lang, og talet på korridorpatientar i psykisk helsevern blei særskilt kommentert. Ein må vurdere å setje i verk tiltak dersom det ikkje er teikn til betring i tida framover.

Styret diskuterte situasjonen på Kvinneklubben i lys av den aktuelle debatten om føde/barsel. Det blei understreka at det er viktig at dei fødande som treng det mest får eit godt tilbod, det gjeld også dei kvinnene som bur langt unna sjukehuset.

Sett i lys av den aktuelle debatten om føde/barsel, ønskjer styret å få betre innsikt i drift og planar for Kvinneklubben.

Det blei stilt spørsmål ved om det talet på senger som det er planlagt for i BUS 2 vil vere nok til å dekkje behovet. Det er kapasitet i bygget til å etablere fleire senger dersom det blir nødvendig.

### **Til oppfølging**

Styret ber administrasjonen komme tilbake med forslag om korleis styret kan få betre innsikt i Kvinneklubben.

Styret ønskjer å få ei orientering om planen for BUS 2 inkludert sengekapasitet.

### **Vedtak [samrøystes]**

Styret tar saka til orientering.

## **Sak 31/18 A Årsmelding og årsrekneskap for 2017**

### **Oppsummering**

Rekneskapspliktige skal kvart rekneskapsår utarbeide årsrekneskap og årsmelding i samsvar med føresegnene i rekneskapslova. Styret si årsmelding for verksemda i 2017 er utarbeidd i samsvar med dette.

Rekneskapslova set krav til kva for område av verksemda som skal omtalast i årsmeldinga.

Det følgjer av helseføretakslova at styret si årsmelding skal godkjennast av føretaksmøtet.

Helse Bergen sin rekneskap for 2017 viser eit rekneskaps-overskot på 87,7 millionar kroner.

### **Kommentarar i møtet**

Styret ber om at det i årsmeldinga for 2018 blir skrive noko meir om kva som er utviklinga i føretaket.

### **Vedtak [samrøystes]**

1. Styret i Helse Bergen HF vedtek årsmeldinga og årsrekneskapen for 2017.
2. Årsmeldinga og årsrekneskapen for 2017 skal leggjast fram for føretaksmøtet.

## **Sak 32/18 A Årsoppgjersrevisjon for 2017**

### **Oppsummering**

BDO har stått for revisjon av føretaket sitt rekneskap for 2017. Dei kan bekrefte at det er utarbeidd i samsvar med god rekneskapskikk og etter dei reglane som står i rekneskapsloven.

### **Kommentarar i møtet:**

Etter gjennomgangen frå revisor, blei møtet lukka ei kort stund for administrasjonen og publikum for at styret skulle kunne stille spørsmål til revisor.

### **Vedtak [samrøystes]**

Styret tek årsoppgjersrevisjonen for 2017 til orientering.

## **Sak 33/18 A Investeringsbudsjett 2018**

### **Oppsummering**

Det blir vist til budsjett for 2018 vedtatt i styret for Helse Bergen HF 18.12.17. Det blir årleg gjort ein gjennomgang av investeringsbudsjettet etter at årsrekneskapen er avslutta og avvik frå budsjettert resultat er kjent. Dette blir no lagt fram for styret.

### **Kommentarar i møtet**

Representantane for dei tilsette, Arvid Langeland, Irene Hopsdal, Karen-Anne Stordalen og Geir Arne Sunde bad om å få protokollført at dei i styremøtet den 18. desember ikkje stemte for det føreslegne investeringsbudsjettet. Jamfør deira alternative framlegg om at resultatkravet for 2018 blir sett til kr null og at det blir lagt fram eit revidert investeringsbudsjett til vedtak etter at årsrekneskapen for 2017 er avslutta. All den tid framlegget deira fall, såg dei ikkje grunn til å ta omkamp på det no.

### **Vedtak [samrøystes]**

1. Styret i Helse Bergen HF vedtar revidert investeringsbudsjett for Helse Bergen HF for 2018 i samsvar med framlegg frå administrerande direktør.
2. Styret gir administrerande direktør fullmakt til å gjere nødvendige justeringar/endingar innanfor ramma av vedtatt budsjett.
3. Styret ber administrerande direktør følgje opp den økonomiske styringa i høve til budsjett og rapportere til styret på same format som i 2017.

## **Sak 34/18 O Styringsdokument 2018**

### **Oppsummering**

Helse Bergen HF har mottatt styringsdokumentet for 2018 frå Helse Vest RHF. Styringsdokumentet skal gi Helse Bergen HF ein mest mogleg heilskapleg og samla styringsbodskap for 2018. Styringsdokumentet skal klargjere dei premissane og rammene som gjeld for verksemda, og inneheld mål og dei resultatkrava som blir stilte til helseføretaka.

Styringsdokumentet er ikkje utfyllande for dei samla krava til Helse Bergen HF, men er eit dokument som utfyller og konkretiserer kva føretaket skal leggje vekt på og prioritere.

Det er eit mål at tilsette skal kjenne til og ha eigarskap til bestillinga i styringsdokumentet. Heile styringsdokumentet blir gjort kjent i føretaket, og ansvar for oppfølging av dei ulike punkta i styringsdokumentet er lagt til avdelingane.

Dei kliniske avdelingane og stabsavdelingane rapporterer på framdrift og resultat årleg for alle tiltaka gjennom Årleg melding. For nokre tiltak blir det også rapportert halvårleg til Helse Vest RHF.

### **Kommentarar i møtet**

Styret ønskjer å få vite meir om den nye utdanningsordninga for LIS og kva for konsekvensar den får for klinikkane/avdelingane.

Status når det gjeld å setje i kraft ny sikkerheitslov blei etterlyst. Det blir jobba med dette på Helse Vest-nivå og det vil komme ei eiga sak om dette til styra i alle helseføretaka.

### **Til oppfølging**

Sak om den nye LIS-utdanning kjem på eit styreseminar.

Sak om organisering av prosjektet knytt til etablering av eit protonsentor på sjukehuset vil bli lagd fram for styret.

### **Vedtak [samrøystes]**

Styret tar styringsdokumentet til orientering.

## **Sak 35/18 O Årsmelding 2017 internkontroll for tryggare helsetenester**

### **Oppsummering**

Helse Vest RHF har i styresak 05/117B etablert pasienttryggleik som eit viktig satsingsområde i kvalitetsprogrammet i regionen. Programmet inneheld ulike aktivitetar for å styrkje kvalitet og pasienttryggleik.

Helse Bergen HF har vedtatt handlingsplanar for leiing og kvalitetsforbetring for 2015/2016 og 2017/2018. Dei siste åra har Helse Bergen HF brukt meir systematikk og internkontroll som verktøy for å nå måla. Styret i Helse Bergen HF har bedt om jamleg rapportering til styret om arbeidet med internkontroll for tryggare tenester (sak 55/10).

«Internkontroll for tryggare tenester» tar for seg status for arbeidet som er gjort i 2017. Helse Bergen HF vil framleis utvikle og styrkje kvalitetssystemet.

### **Vedtak [samrøystes]**

Styret i Helse Bergen HF tar årsmeldinga 2017 - internkontroll for tryggare helsetenester til orientering.

## **Sak 36/18 O Internkontroll Helse Bergen – Plan for interne systemrevisjoner 2018-2021**

### **Oppsummering**

Revisjonsarbeid er ein av fleire metodar som føretaket brukar for å oppfylle plikta til å evaluere verksemda. I perioden 2014-2017 er det gjennomført interne systemrevisjonar etter vald modell og metodikk. Erfaringar frå desse åra dannar grunnlag for vidare utvikling av arbeidet med interne systemrevisjonar. Ny revisjonsplan 2018-2021 er utarbeidd.

### **Kommentarar i møtet**

Det er styret sitt ansvar at det blir gjort et systematisk internkontrollarbeid i heile organisasjonen. Styret meiner det et viktig at arbeidet med internkontroll er forankra i dei einskilde klinikkane/avdelingane og at dei har eit tydeleg eigarskap til dette arbeidet.

### **Vedtak [samrøystes]**

1. Styret tek årsrapporten om interne systemrevisjonar 2017 til orientering.
2. Styret tek evalueringsrapporten om interne systemrevisjonar Helse Bergen HF Haukeland universitetssjukehus 2014-2017 til orientering.
3. Styret tek Internkontroll Helse Bergen - Plan for interne systemrevisjonar Helse Bergen HF 2018-2021 til orientering.

## **Sak 37/18 O Helse Vest internrevisjon: Risiko knytt til matforsyning**

### **Oppsummering**

Internrevisjonen i Helse Vest RHF har revidert matforsyninga m.a. i Helse Bergen HF når det gjeld beredskap og internkontroll. Det blir i denne saka gjort greie for innhaldet i rapporten og lagt fram ein handlingsplan på grunnlag av tilrådingane som er gitt.

### **Vedtak [samrøystes]**

Styret i Helse Bergen HF tar rapporten til orientering og ber administrasjonen følgje opp handlingsplanen.

## **Sak 38/18 A Møteplan for nye styremedlemer 2018**

### **Oppsummering**

Forslag til møteplan for 2018 blir lagd fram for styret.

### **Vedtak [samrøystes]**

Styret i Helse Bergen vedtek møteplanen for 2018.

## **Sak 39/18 O Eventuelt**

Styreleiar orienterte om sitt møte med Gunnar Berge (leiar for revisjonsutvalet i Helse Vest) og Bård Humberstet (leiar for Helse Vest si internrevisjon), jamfør oppfølgingspunkt i samband med Styresak 20/18. Som eit resultat av møtet, blir styret sitt forslag om revisjon av BUS 1 lagt til på lista over revisjonar som skal gjerast. Dei fleste av dei innspela styret hadde til tema for revisjon er derfor tatt vare på. Styret ønskjer at det blir peika ut ein person i administrasjonen som kan hjelpe styret med å lage framlegg til tema for revisjon for neste periode.

Status når det gjeld revisjon av styrande dokumentasjon blei etterlyst. Dette er spela inn til Helse Vest, som vil komme tilbake med eit forslag til oppdatert dokumentasjon for alle føretaka i Helse Vest. Arvid Langeland bad om at det blir laga ein nynorsk versjon av vedtektene for Helse Bergen og at den vert gjeldande vedtekter for Helse Bergen.

Arvid Langeland bad om å få ein skriftleg versjon av den munnlege orienteringa som blei gitt om språk i styresak 73/17.

Dato: 27. april 2018

---

Svein Gjedrem	Styreleiar
---------------	------------

---

Signy Midtbø Riisnes	Nestleiar
----------------------	-----------

---

Per Karlsen	Medlem
-------------	--------

---

Sett: Bjørn Østbø	Medlem
-------------------	--------

---

Rolf Martin Tande	Medlem
-------------------	--------

---

Mona Haugland Hellesnes	Medlem
-------------------------	--------

---

Ann-Margrete Bollmann	Medlem
-----------------------	--------

---

Arvid Langeland	Medlem
-----------------	--------

---

Karen-Anne Stordalen	Medlem
----------------------	--------

---

Irene Hopsdal	Medlem
---------------	--------

---

Geir Arne Sunde	Medlem
-----------------	--------